



Ronya imponerte

Røysterett for alle kom ikkje i år og songaren Knut Inge Røen frå Samanger fekk sjukdomsforfall. Lilevel vart den tradisjonelle

julekonserten i kyrkja ein suksess. Det var ikkje problematisk å kompensera for fråfallet og dei 80 som kom i det ufyselege veret fekk ei fullverdig og sterk førjulsoppleving. Det seier ikkje så lite om dei song- og musikkressursane distriktet rår over..I dette høvet var det ikkje minst eit 14 år gamal songtalent og ein 30 år gamal syngjande sokneprest som sørga for kompensasjonen. Begge imponerte stort og vi vil få mykje glede av dei i åra som kjem.



- og Lina imponerte

Det var på høg tid at 14 år gamle Ronya Lakselv fekk vist på heimebane kor talentfull ho er. Er vi kanskje ikkje flinke nok til å la dei flinke utfalda seg? I tråd med det oppsette programmet song ho to songar av Bjørn Eidsvåg og 'En stjerne skinner i natt' - med faren Ronny solm akkompagnatør.



Skulemusikken takkar for applausen

Men ho kom att i ein ny avdeling med 2 kjente songar som kompensasjon for Røen og nådde klimaks med tolkinga si av 'Englene synger høyt i kor'. Ronya har ei røyst som nokon kvar kan misunne henne. Ho hadde også i denne avdelinga ein framifrå akkompagnatør - organist Eva Megyesi som imponerar oss meir for kvar konsert. Denne gongen spela ho også 2 komposisjonar av Brant Adams - på piano og saman med den dyktige fløytisten Kristine Hestad.



Soknerådsleiar Møyfrid og kyrkjetenar Magne las prolog

Vår syngjande sokneprest Lina Håland gjer det stadig klarere at ho er ein stor ressurs for lokalsamfunnet, denne gongen med ein ny julesong men i enda større grad 'Who would imagine a king'. Ho heldt også andakten, som var prisverdig kort. Mykje tyder på at dei altfor langtrukne prestane har sett sine beste dagar.



Organist og fløytist i vakkert samspel

Uskedal Skulemusikk opna konserten slik dei plar vera og framgangen var iørefallande. Dirigent Tor Skeie Olsen har tydelegvis tatt eit solid steg med omsyn til arrangementane.

2 gruppar som aldri sviktar desse konsertane er Kvinnherad Trekkspelklubb og Uskedal Musikklag som kvar for seg og med sitt solide repertoar på ein måte legg grunnsteinen i arrangementet.. Trekkspelarane var innom både Mozart, Bach og Händel og fekk tydeleg fram at deira instrument også kan vera veleigna til klassisk musikk.



[Trekkspelklubben sviktar aldri](#)

Eit annleis innslag i konserten var at soknerådsleiar Møyfrid og kyrkjetenar Magne las Gausviks prolog i høve jubileet. Etter eit så intenst år er vi på fornamm med dei!
Tekst, foto og nett: Ola Matti Mathisen